



Ulla Skulehus

Skapa 11. april 2009

Haramsøy

Bygd i 1886

**PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE 2018
PÅ SKULEHUSET LAURDAG 26. MAI 2018 KL 1300-1330**

Til stades:

Ottar Ulla, Astrid Ullahamar, Kirsti Ingelsrud, Åsmund Ulla, Grethe Flem Ulla, Bjørn Nogva, Arne Frode Barsnes, Lars Ulla, Bendik Ulla, Britt Farstad, Hildegunn Ulla, Jane Tangen Ulla, Peder Ulla, Randi Ulla Nogva, Knut Hallvard Ulla.

1. Innkalling og sakliste
Godkjent.
2. Val av møteleiar, referent og underskriving av protokoll
Møteleiar og referent: Knut Hallvard Ulla
Underskriving av protokoll: Styret og Lars Ulla.
3. Årsmelding 2017/2018
Årsmeldinga vart lest opp og godkjent.
4. Rekneskap og revisjonsmelding 2017/2018
Godkjent.
5. Planar og årskontingent
Årskontingent vart vedteken uendra: kr 500 for vaksne (over 25 år) og kr 100 for barn og ungdom under 25 år. Det er ikkje familiemedlemskap.
Planar: Huset skal målast utvendig og dei to innerdørene skal målast. Det skal skiftast bordkledning på sørveggen, men det blir først til neste år.
Når det gjeld kulturelle arrangement, så skal vi finne ny dato for konserten med Einar Longva/Ståle Aasebø og co. Vidare vil vi feire jonsok på/ved skulehuset. Ansvarleg: Randi Ulla Nogva.
6. Utleige.
No når alt ligg til rette for å bruke skulehuset, skal vi marknadsføre oss på facebook og nettsida. Det er ikkje eit mål i seg sjølv med mykje utleige, men vi vil at huset skal brukast.
7. Val
Randi Ulla Nogva vart attvald som styremedlem. Knut Hallvard Ulla og Peder Ulla var ikkje på val som styremedlemmer.
Guttorm Ulla vart attvald som medlem i valkomiteen. Astrid Ullahamar tok ikkje attval. Nytt medlem i valkomiteen vart Lars Hallvard Ulla.
8. Det var ingen innkomne saker.

Knut Hallvard Ulla *Peder Ulla*
Knut Hallvard Ulla Peder Ulla

Randi Ulla Nogva *Lars Ulla*
Randi Ulla Nogva Lars Ulla